

# Prop. 27 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2016 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 25. november 2016,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Føremål og hovedoversikt

#### 1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løvingar i forsvarsbudsjettet for 2016. Siktemålet er å skape best mogleg samsvar mellom løvingane under dei einskilde kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2016 blei vedtatt.

På grunn av den komplekse samansetjinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verkty for å legge til rette for god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, er såleis handsama, samla og formaliserte på rett måte. Regjeringa er opptatt av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som at kravet om realistisk budsjettering blir handsama.

Omgrupperingsproposisjonen for 2016 tek føre seg naudsynte budsjettekniske endringar. I tillegg kjem forslag om meirinntekter for 2016 og tilleggsløyvingar. Totalt utgjer omgrupperinga for 2016 ei auke i løvinga til Forsvarsdepartementet på 328,389 mill. kroner. I tillegg føreslår regjeringa å auke ei bestillingsfullmakt samt å oppretta eit nytt prosjekt med ei investeringsfullmakt.

#### 1.2 Tilleggsløyvingar

*Den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar*

Den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar som følge av deltaking i operasjoner utanlands blir forvalta av Statens pensjonskasse. Statens pensjonskasse utarbeider også prognosar for utbetalingar under ordninga. Forsvarsdepartementet har ingen innverknad på det beløpet som årleg blir utbetalt. I oppdatert prognose frå Statens pensjonskasse av 2. september 2016 går det fram at kompleksiteten og variasjonen i disse sakane er stor. Dette inneber at prognosearbeidet er usikkert. Statens pensjonskasse har lagt til grunn at mange sakar vil bli ferdigstilt i løpet av hausten 2016. Det inneber at utbetalingane i 2016 vil bli høgare enn tidlegera forventa. Basert på oppdatert prognose frå Statens pensjonskasse, er meirbehovet til den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskader på 12 mill. kroner i 2016.

Det er på denne bakgrunnen føreslått at forsvarsramma på kap. 1719, post 21, blir auka med 12 mill. kroner i 2016.

*Sikre minimum militær luftoperativ drift på Rygge etter at Rygge Sivile Lufthamn AS avviklast*

Rygge Sivile Lufthamn AS har kome fram til å avvikle sin aktivitet på Rygge frå 1. november

2016, og har varsla at det da ikkje lenger er mogleg å levere naudsynte flyplasstenester til Forsvaret. Forsvaret må derfor etter nemnde dato ta vare på eigne militære, luftoperative minimumsbehov knytte til framtidig militær, luftoperativ aktivitet på Rygge. Nedlegginga av den sivile flyplassdrifta på Rygge inneber monalege meirutgifter for Forsvaret. For 2017 er dei årlege meirutgiftene på 40 mill. kroner føreslått lagt inn som ei auke av forsvarsramma. For at Forsvaret skal kunne ta vare på sine forpliktingar på Rygge etter 1. november 2016 må løyvinga til Luftforsvaret for 2016 aukast med 10 mill. kroner. Meirutgiftene relaterer seg til flytryggingstenester og kontraktsinngåingar med brann- og redningspersonell. Det er kritisk å etablere denne kapasiteten for å kunne vidareføre ein militær, luftoperativ verksemd på Rygge etter at Rygge Sivile Lufthamn leggjast ned. For å ta vare på kravet om realistisk budsjettering, er meirbehovet til føremålet på 10 mill. kroner i 2016.

Det er på denne bakgrunnen føreslått at forsvarsramma på kap. 1733, post 01, blir auka med 10 mill. kroner i 2016.

### *Operasjon Triton*

Noreg har sidan juni 2015 støtta Frontex sin grensekontrolloperasjon Triton med eit innleidd sivilt skip med ein operativ besetning beståande av personell frå politiet og Forsvaret. Justis- og beredskapsdepartementet er leiardepartement i saka. Nåverande løyving lauper fram til november 2016. Regjeringa har i sitt forslag til 2017-budsjett føreslått å forlengje bidraget i seks månader fram til medio mai 2017. Forsvaret sine meirutgifter knytte til forlenginga er rekna til 10,1 mill. kroner, kor meirutgifta i 2017 er føreslått tilleggslova med 7,600 mill. kroner i Prop. 1 S for 2017 frå Forsvarsdepartementet. Det står igjen inndekking av Forsvaret sine meirutgifter på 2,5 mill. kroner for den del av forlenginga som fell i 2016.

Det er på denne bakgrunnen føreslått at forsvarsramma på kap. 1792, post 01, blir auka med 2,500 mill. kroner i 2016.

### **1.3 Materiellprosjekter til godkjenning**

#### *Vidareføring av kapasitetar knytte til maritime patruljeringsfly og etterretning, overvakning og oppklaring*

I Prop. 151 S (2015–2016) Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for forsvarssektoren blei Stortin-

get informert om eit framtidig investeringsprosjekt om anskaffing av nye maritime patruljefly i samband med utfasing av dei seks aldrande P-3 Orion og tre DA-20 Jet Falcon.

Noreg har sidan andre verdskriga lagt stor vekt på å etablere nasjonal og alliert situasjonsforståing i nordområda. Sidan 1960-talet har Noreg prioritert denne kapasiteten høgt ved å satse på maritime patruljefly. Denne satsinga blei opprett-halden også i åra etter den kalde krigen, då den militære aktiviteten i nord var fallande. Dei nye tryggingspolitiske tilhøva stiller no aukande krav til å oppretthalde og forbetre situasjonsforståinga i eigne nærområde, slik at evna til å handtere dagens og framtidas utfordringar blir vidareført og styrkt.

I dei siste tiåra har Noreg operert med fire avanserte patruljefly av typen P-3C for overvaking og antiubåtoperasjoner, og to patruljefly av typen P-3N med utstyr til overflateovervaking for kystvaktoppdrag. P-3N har også blitt nytta til oppøving av besetningar. Flya har også viktige sivile oppgåver som til dømes søker og redning. I tillegg har Noreg operert tre DA-20 Jet Falcon til elektroniske operasjoner. Operativ og teknologisk levetid til alle dei noverande flya med sensorar og våpen-system nærmar seg slutten. Dette vil om kort tid innebere at Forsvaret gradvis vil miste evna til å oppretthalde naudsynt situasjonsforståing i eigne og nærliggjande havområde, både over og under havoverflata. Evna til å samarbeide med nære allierte vil også bli svekka. Vidareføring av kapasitetane for overvaking og antiubåtoperasjoner er viktige både nasjonalt, og for NATO og nære allierte. Kapasiteten for overvaking av havområda i våre omgjevnader vil medverke til å sikre at tilhøva i nord, Noreg sitt fremste strategiske satsingsområde, blir føreseielege og stabile.

Føremålet med Prosjekt 2047 «Vidareføring av MPA- og ISR-kapasitet» er å føre vidare kapasitetane til overvaking over og under havoverflata og til antiubåtoperasjoner. Det er gjennomført ein moglegheitsstudie for å identifisere moglege og relevante alternativ som kan vidareføre kapasitetane. Prosjektet omfattar anskaffing av fem maritime patruljefly av typen P-8A Poseidon, inkludert mellom anna ekstra overvakings- og støttesystem. Dei nye maritime patruljeflya har moderne sensorar, antiubåtvåpen og støttesystem, samstundes som dei bidreg til at andre kapasitetar i Forsvaret blir styrka og får auka tilgjengelegheit og uthald.

Anskaffinga blir gjennomført som ei direkte anskaffing frå amerikanske myndigheitar gjennom ordninga for «*Foreign Military Sales*». Det vil

andsynes leverandøren av flya bli stilt krav om ei avtale om industrisamarbeid. Levering av flya er planlagd i perioden 2021–2022.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet på kap. 1760 er 9 825 mill. 2016-kroner (inkl. mva., gjennomføringskostnadene og ei avsetting for uvisse). I tillegg vil ein del av kostnadene bli belasta kap. 1735.

#### **1.4 Saker til informasjon**

##### *Aerospace Industrial Maintenance Norway*

Aerospace Industrial Maintenance Norway (AIM Norway) blei 26. august 2016 stiftet som aksjeselskap av Forsvarsdepartementet. Omdanninga skjedde skjer i samsvar med lov om omdanning av AIM Norway til aksjeselskap av 17. juni 2016. Aksjeselskapets formål vil være uforandra frå før omdanninga, dvs. å drive vedlikehald og oppgradering av materiell, primært innan luftmilitær verksamd og annen naturleg tilhørende verksamd. Stortinget ga ved sin behandling av Innst. 366 (2015–2016) til Prop. 79 LS (2015–2016) fullmakt til å opne for ein breiare eigarstruktur i AIM Norway for å forsterke AIM sin posisjon i den internasjonale forsvarsindustrien.

##### *Forsvars materiell*

Forsvars materiell blei pålagt eit effektiviseringskrav på materiell drift i 2016 på 70 mill. kroner. I starten av 2016 blei disse midlane helde tilbake og planlagt tilbakeført til Forsvars materiell i gjennomføringsåret. Forsvars materiell har i løpet av året identifisert og dokumentert effektivisering på materiell drift i høve til krava. I revidert nasjonal budsjett blei 49 mill. kroner tilbakeført. Dei resterande midlane sokast tilbakeført i denne omgrupperingsproposisjonen.

Arbeidet med identifisering og dokumentering av effektivisering skjer ved at Forsvars materiell, som fagorgan for materiell, stiller krav til og gjennomgår vedlikehaldskonsepta for materiellet. På dette grunnlaget har vedlikehalds rutinane for

nokre av materielltypane innanfor dei ulike forsvarsgrinene blitt justert. Mellomanna har Orion-flya som følge av skift av vingar fått redusert sin vedlikehaldsfrekvens. Handvåpen for forsvarsgrinene og terrengkjøretøy har også fått endra vedlikehaldsfrekvens. Vedlikehaldet har mellom anna vert basert på ei risikovurdering, i større grad blitt tilstandsbasert, noko som medfører lågare vedlikehaldsutgifter enn tidlegare for desse kategoriene.

##### *Reinhald*

Forsvarsdepartementet vedtok hausten 2014 å oppheve Forsvarsbygg sitt monopol på å levere reinhaldstenester til Forsvaret, og Forsvaret har frå 1. mai 2016 skaffa reinhaldstenester for heile forsvarssektoren basert på konkurranse i den opne marknaden. Reforma vil føre til ei årleg innsparing på minimum 80 mill. kroner, som vil bli omdisponert til høgare prioritert verksemد.

For 2016 vil innsparingsa utgjere i overkant av 50 mill. kroner etter drift i åtte månader, basert på foreløpige rekneskapstal. 11 mill. kroner er brukt til delvis dekning av Luftforsvarets reelle auking på 61 mill. kroner jf. Prop. 1 S (2016–2017) og går til å sikre gjennomføring av operativ aktivitet. 14 mill. kroner blei i samband med Revidert nasjonal budsjett for 2016 tilført Forsvars materiell for å sikre ein god etablering av eininga. I denne proposisjonen er det føreslått at 24 mill. kroner omdisponerast til Luftforsvaret til dekning av meir behov i samband med sprekkdanningar på F-16 kampfly.

#### **1.5 Grunnlaget for omgrupperinga**

##### *1.5.1 Økonomisk grunnlag*

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2016, midlar overførte frå 2015 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også tatt omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonaen for 2015.

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2016, kjem fram slik (i 1 000-kroner):

Saldert budsjett for 2016	48 892 262
Innst. 400 S (2015–2016) til Prop. 122 S (2015–2016) <i>Tilleggsloyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2016 (RNB)</i>	544 078
Innst. 418 S (2015–2016) til Prop. 141 S (2015–2016) <i>Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap» (Soldatproposisjonen)</i>	6 203
Budsjettmessige verknader av lønsoppgjeren i det statlege tariffområdet i 2016	282 703
= Faktisk løyving før omgruppering	49 725 246
+ Midlar overførte fra 2015	759 265
= Disponible midlar i 2016 før omgrupperinga	50 484 511

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida, før omgruppering 2016, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett for 2016	5 837 304
Innst. 400 S (2015–2016) til Prop. 122 S (2015–2016) <i>Tilleggsloyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2016 (RNB)</i>	412 895
= Løyvingar før omgruppering	6 250 199

### 1.5.2 Inntekter i 2015

I høve til saldert budsjett for 2016, med endringane gjort av Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2016, er det ei meirinntekt på 328,389 mill. kroner. Det same beløpet er føreslått lagt til utgiftssida. I tillegg kjem den budsjettmessige verknaden på inntektssida av lønsoppgjeren for 2016 på 23,274 mill. kroner som ikkje blir ført til utgiftssida. Meirinntektene inneber ein parallel austake av

utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2015–2016) under romartalsvedtak II.

Aukjen på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og beskriven i detalj under pkt. 2 under.

### 1.5.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor syner løvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2016.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida på grunn av meirinntekter ført til utgiftssida	328 389
Tilleggsloyvingar	24 500
= Sum behov ved omgrupperinga	352 889
+ Løyvingar før omgrupperinga	49 725 246
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	50 078 135
+ Midlar overførte fra 2015	759 265
= Samla disponibile midlar i 2016 etter omgrupperinga	50 837 400

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1000 kroner):

Meirinntekter	328 389
+ Budsjettmessige verknader av lønsoppgjernet i det statlege tariffområdet i 2016	23 274
=Sum behov ved omgrupperinga	351 663
+ Løyvingar før omgrupperinga	6 250 199
= Løyvingar etter omgrupperinga	6 601 862

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa under forslag til vedtak, at utgiftsramma blir auka med

352,889 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 351,633 mill. kroner.

## 2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

### Kapittel 1700 Forsvarsdepartementet

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	378 953	409 325	417 315
70	Forsking og utvikling	33 108	33 108	32 039

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 7,990 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 3 mill. kroner knytte til organisasjonsutviklingsprosjektet der ein større flytteprosess blei sett i gong internt i Forsvarsdepartementet og mellom Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben. Føremålet er å bidra til meir effektive samhandlings- og avgjerdsprosessar og eit lågare årsverksforbruk, både i Forsvarsdepartementet og i Forsvarsstaben. Meirutgiftene fordeler seg mellom bygningsmessige tilpassingar, sikringstiltak, etablering av kortlesarar og bruk av flyttebyrå. Midlane er omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 2,700 mill. kroner knytte til diverse varer og tenester i 2016 som ikkje var føresett på budsjetteringstidspunktet. Midlane er omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 0,800 mill. kroner knytte til korrekjon frå Revidert nasjonalbudsjett i samband med Utanriks-

departementet si særavtale om tillegg, ytingar og godtgjering i utanrikstenesta. Midlane er omdisponerte frå kap. 4710, post 47.

- 0,784 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling av kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 0,490 mill. kroner knytte til meirbehov i Etisk råd for forsvarssektoren. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1719, post 01.
- 0,216 mill. kroner til å dekkja utgifter i samband med eit styremøte i *Strategic Air Command* i Bodø. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1719, post 78.

#### Post 73 Forsking og utvikling

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 1,069 mill. kroner knytte til eit mindrebehov. Mindrebehovet er fordelt mellom fleire mindre prosjekt. Midlane er føreslått omdisponerte til kap. 1760, post 45.

## Kapittel 1710 Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald	300 592	300 592	317 192
47	Nybygg og nyanlegg	1 472 025	1 568 663	1 565 309

### *Post 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald*

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 16,600 mill. kroner i samband med ei omdisponering av midlar til inventar. Midlane er omdisponerte frå kap. 1760, post 01.

### *Post 47 Nybygg og nyanlegg*

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 3,354 mill. kroner knytte til justering av husleiga etter ny husleigemodell. Endringa i løyvinga kjem som følge av ei ny kalkulering av husleiga etter at ny husleigemodell er innført. Endringa i husleiga inneber justeringar på ei rekke kapittel. Summen av alle endringar knytte til justering av husleiga er null.

## Kapittel 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	4 287 299	4 287 299	4 272 718
47	Sal av eidegod	99 863	300 000	396 000

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 14,511 mill. kroner.

Posten føreslås auka med:

- 19,856 mill. kroner knytte til verknaden av lønnsoppgjaret for 2016.

Meirinntekta inneber ingen endring av utgiftsramma på kap. 1710, post 01.

Posten føreslås redusert med:

- 34,367 mill. kroner reduksjon i kapitalelementet i husleiga fordelt på Forsvarsbygg sine kundar. Reduksjonen skuldast forseinka overlevering i pågåande investeringsprosjekt i høve til føresetnaden i budsjettet. Endringane i inntekta frå kapitalelementet inneber tilsvarande endring for sektoren sine utgiftskapittel. Løy-

vinga føreslås redusert på kap. 1725, post 01 (0,294 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (12,013 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (1,550 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (20,960 mill. kroner), kap. 1735, post 21 (2,458 mill. kroner) og kap. 1760, post 01 (2,623 mill. kroner). Løyvinga føreslås samstundes auka på kap. 1700, post 01 (0,784 mill. kroner), kap. 1716, post 51 (0,064 mill. kroner), kap. 1720, post 01 (0,062 mill. kroner), kap. 1723, post 01 (0,001 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (1,528 mill. kroner), kap. 1740, post 01 (1 mill. kroner) og kap. 1795, post 01 (2,092 mill. kroner).

Mindreinntektene fører med seg ein parallel endring av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Post 47 Nybygg og nyanlegg**

Løyvinga på posten er føreslått auka med 96 mill. kroner knytte til utbetaling i samband med endelag avtale med Avinor om sal av luftfartskritisk areal på Værnes.

Midlane føreslås nytta til:

- 29,489 mill. kroner knytte til dekning av meirbehov i samband med meirutgifter grunna valutaendringar. Valutakostnadene i Forsvaret er auka utover kva som ligg til grunn i budsjettet, mens det samstundes er innsparingar i samband med kjøp av drivstoff. Utgiftsaukane ligg på kap. 1720, post 01 (0,450 mill. kroner), kap. 1725, post 01 (0,248 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (0,898 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (44,705 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,163 mill. kroner) og kap. 1740, post 01 (22,285 mill. kroner). Aukane i utgifter føreslås dekkja med meirinntekter fra kap. 4710, post 47 (29,489 mill. kroner) samt løyvingsreduksjonar på kap. 1732, post 01 (6,671 mill. kroner) og 1790, post 01 (32,589 mill. kroner).
- 29 mill. kroner knytte til meirutgifter til vedlikehald av maritime patruljefly. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 7 mill. kroner knytte til endringar i valutakurser mot Euro. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1719, post 78.
- 6 mill. kroner knytte til meirutgifter for å støtte med et NASAMS rakettsystem i samband med gjennomføringa av NATO-toppmøtet i Warszawa 8.–9. juli 2016. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 5 mill. kroner knytte til anskaffing og installasjon av nødvendig IT-utstyr i Situasjonssenteret i Forsvarsstaben. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 45.

- 4,780 mill. kroner føreslås omdisponerte til kjøp av reservedelar på kap. 4760, post 45.
- 3,986 mill. kroner i samband med anskaffingar av ein nødvendig funksjon i regnskapssystemet SAP for å lette omorganiseringa i Forsvaret og Forsvarsmateriell. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 3,645 mill. kroner knytte til endringar i valutakursern. Dette gjeld årets siste delbetaling til *ANA Trust Fund*, ein av Noreg sine forpliktingar til NATO, som inneber eit meirbehov. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 3 mill. kroner knytte til organisasjonsutviklingsprosjektet der ein større flytteprosess blei sett i gong i Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1700, post 01.
- 2,700 mill. kroner knytte til diverse varer og tenester i 2016, som ikkje var føresett på budsjetteringstidspunktet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1700, post 01.
- 0,800 mill. kroner knytte til ein korrekjon frå Revidert nasjonalbudsjett i samband med Utanriksdepartementet si særavtale om tillegg, yttingar og godtgjering i utanrikstenesta. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1700, post 01.
- 0,600 mill. kroner i samband med meirbehov ved generalsekretær Jens Stoltenberg sin stab. Meirbehovet skuldast endringar i personalsamansetjinga i staben samt endringar i valutakursern. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1719, post 01.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1716 Forsvarets forskingsinstitutt**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt	188 763	187 567	187 631

**Post 51 Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt**

Løyvinga på posten er føreslått auka med 0,064 mill. kroner knytte til auka kapitalelement i hus-

leiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.

## Kapittel 1719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	329 345	341 256	324 858
21	Spesielle driftsutgifter	118 541	118 541	130 541
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	15 229	13 429	2 999
71	Overføringer til andre	58 779	58 779	54 783
78	Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett	267 540	282 540	299 754

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 16,398 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 2,276 mill. kroner til dekning av meirutgifter knytte til Tryggleiksutvalet. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1719, post 71.
- 0,600 mill. kroner i samband med meirbehov i generalsekretær Jens Stoltenberg sin stab. Meirbehovet skuldast endringar i personal-samansetjing i staben og endringar i valutakurssen. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.

Posten er føreslått redusert med:

- 9 mill. kroner knytte til flypassasjeravgift på reiser som personell i Forsvaret har rett på. Disse reisene finansierast av Forsvarets logistikk-organisasjon (FLO), og midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 4,500 mill. kroner knytte til vertslandsstøtte for nærvær av ei amerikansk rotasjonsstyrke på Værnes. Dei amerikanske styrkene vil i all hovudsak sjølv bera dei laupande utgiftene, men Forsvaret får utgifter til klargjering av bygg og lagringsområde. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1734, post 01.
- 4,290 mill. kroner knytte til eit mindreforbruk på posten. Midlane føreslås nytta til innkjøp av reservedelar og omdisponerte til kap. 1760, post 45.
- 0,994 mill. kroner i samband med flytting av ein administrativ stillingsheimel frå militärmisjonen i Brussel til *Supreme Headquarters Allied Powers Europe*. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.

- 0,490 mill. kroner knytte til budsjettbehov for Etisk råd for forsvarssektoren. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1700, post 01.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 12 mill. kroner knytte til eit meirbehov til den særskilde kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar.

### *Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet*

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 10,430 mill. kroner.

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov som krev rask avklaring og som oppstår i løpet av året. Ved å ha ein slik post medverkar ein til auka førseilegheit på dei andre utgiftspostane, ved at dei budsjettansvarlege kan gjennomføra sin verksemd med tryggleik om rammeresetnadane. Vilkåra ligg dermed til rette for god økonomistyring. Dersom midlane ikkje blir nytta, blir dei føreslått stilt til disposisjon for å balansere andre kapittel under Forsvarsdepartementet. Midlane blir føreslått omdisponerte til kap. 1719, post 78. knytte til periodisering av fakturaer til NATO.

### *Post 71 Overføringer til andre*

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 3,996 mill. kroner.

Posten er føreslått redusert med:

- 2,276 mill. kroner til dekning av meirutgifter knytte til Tryggleiksutvalet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1719, post 01.
- 1,284 mill. kroner føreslås omdisponerte til materiellinvesteringar på kap. 1760, post 45.

- 0,436 mill. kroner knytte til et mindreforbruk på Nasjonalt opplysningskontor i tilfelle krig eller anna væpna konflikt. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 45.

*Post 78 Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 17,214 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 10,430 mill. kroner knytte til periodisering av fakturaer frå NATO. Tidligare i 2016 blei fakturaer frå 2015 betalt. I tillegg er forskotsbetalin-

gar til NATO for 2017 høgare enn føresett. Dette har medført eit meirbehov på posten. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1719, post 43.

- 7 mill. kroner knytte til endringar i valutakurssen mot Euro. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.

Posten er føreslått redusert med:

- 0,216 mill. kroner til å dekke utgifter i samband med eit styremøte i *Strategic Air Command* i Bodø og føreslås omdisponerte til kap. 1700, post 01.

## Kapittel 1720 Felles leiing og kommandoapparat

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 842 312	3 766 041	3 832 934

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 66,893 mill. kroner

Posten er føreslått auka med:

- 51,366 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskaffing til Cyberforsvaret for å behalde tryggleiksgodkjenning av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret. Utgiftsauka føreslås dekkja med løyvingsreduksjonar på fleire andre kapittel, medrekna kap. 1725, post 01 (0,966 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (29,650 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (10,650 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (4,267 mill. kroner), kap. 1740, post 01 (4,833 mill. kroner), kap og 1760, post 01 (1 mill. kroner).
- 8,697 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4720, post 01. Midlane er føreslått nyitta til å finansiere tidligare pådratte utgifter knytte til alliert trening og øving i Noreg.
- 5,284 mill. kroner knytte til anskaffing av våpen med tilbehør og reservedeler. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 01.
- 5,149 mill. kroner for dekning av utgifter til forsyning og leige av EBA som nyttast til trening og øving. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 4,500 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med stabilisering av drift på prosjekt 2814 Logistikkprosjektet. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 70.

- 4,417 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 3,800 mill. kroner knytte fellesøvingar i 2016. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
- 3,500 mill. kroner knytte til anskaffing av norsk referanseløysing for *NATOs Future Mission Networking*. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 01.
- 3 mill. kroner knytte til anskaffing av strategisk transportsystem. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1790, post 01.
- 2,900 mill. kroner knytte til etableringsutgifter ved anskaffing av *Intelligent Collection Management Tool*. Dette er eit IT-verktøy som nyttast i samband med etterretning. Midlane føreslås omdisponerte frå fleire kapittel. Utgiftsauka føreslås dekkja med løyvingsreduksjonar på fleire andre kapittel, medrekna kap. 1732, post 01 (0,420 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (1,093 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,252 mill. kroner), kap. 1735, post 21 (1,051 mill. kroner) og kap. 1740, post 01 (0,084 mill. kroner).
- 2,272 mill. kroner knytte til utdanning ved *National Defence University/National War College*, Washington (0,477 mill. kroner), kurértenester til støttelement i Norfolk og Tampa (0,200 mill. kroner) og prosjektet Det norske

- forsvar på Balkan (1,625 mill. kroner). Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 01.
- 1,376 mill. kroner knytte til masterutdanning i USA. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
  - 0,730 mill. kroner knytte til ingeniørstøtte til F-35 prosjektet. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1761, post 01.
  - 0,450 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
  - 0,062 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling av kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 9,512 mill. kroner knytte til initialanskaffingar av diverse instrumenter og utstyr. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 7,162 mill. kroner knytte til manglande finansiering ved reanskaffing av materiell som følge av den valde prismodellen ved innføring av forvaltningssystemet FIF 3.0 og til reparasjon av sprekkdanninger på F-16. Midlane føreslås omdisponerte til høvesvis kap. 1740, post 01 (7,136 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (0,026 mill. kroner).
- 3,800 mill. kroner knytte til interne effektiviseringsstiltak i Forsvarsmateriell. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 3,750 mill. kroner knytte til styrkevern under øving Cold Response 2016. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1734, post 01.
- 2,230 mill. kroner til justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.

- 0,889 mill. kroner knytte til leveranse av medisinske gassar frå FLO (0,147 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, intern effektivisering (0,506 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, renovering av kvartermateriell (0,068 mill. kroner) og diverse vedlikehald (0,168 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,850 mill. kroner knytte til doktorgradsstipendiat ved krigsskolen i Hæren og Forsvarets etterretningshøgskole. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01 (0,425 mill. kroner) og kap. 1731, post 01 (0,425 mill. kroner).
- 0,732 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraroplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,663 mill. kroner knytte til alliert treningsenter sitt uttak av tenester ved Garnisonen i Porsanger. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1734, post 01.
- 0,306 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,304 mill. kroner knytte til Hæren si drift av velferdstilbod. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,218 mill. kroner knytte til avgjeving av EBA til Sjøforsvaret. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 0,179 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,015 mill. kroner knytte til kursavgift ved nasjonalt logistikkurs. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.

## Kapittel 4720 Felles leiing og kommandoapparat

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	67 066	113 227	121 924

### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 8,697 mill. kroner knytte til alliert trening og øving i Noreg.

Meirinntektene fører med seg ei parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1723 Nasjonalt tryggingsorgan**

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	
			Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	224 962	227 767	244 168

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 16,401 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 15,800 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4723, post 01, og gjeld diverse inntekter og refusjonar. Inntektene er føreslått nytt til dekning av utgifter i samband med gjennomføring av konferansar og kurs samt utgifter knytte til *Norwegian Computer Emergency Response Team*.

*gency Response Team*. Vidare gjeld inntektene løns- og reiseutgifter knytte til oppdrag for kunder.

- 0,600 mill. kroner knytte til Forsvaret sitt bidrag til kurssenter for førebyggjande tryggleik. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 01.
- 0,001 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling av kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.

**Kapittel 4723 Nasjonalt tryggingsorgan**

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	
			Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	9 182	9 182	24 982

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 15,800 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 4,500 mill. kroner knytte til refusjonar av lønsutgifter i samband med diverse oppdrag.
- 4,300 mill. kroner knytte til refusjonar av reiseutgifter i samband med diverse oppdrag.
- 2,200 mill. kroner knytte til innbetalingar frå bruker.

- 2,100 mill. kroner knytte til meirinntekter i samband med diverse tryggingsoppdrag.
- 1,400 mill. kroner knytte til meirinntekter frå betalande medlemmer og partnarar i Nasjonal tryggingsorgan *Norwegian Computer Emergency Response Team*.
- 1,300 mill. kroner knytte til innbetalingar av konferanseinntekter og kursavgifter.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben**

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	
			Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	2 009 923	2 070 503	2 048 322
70	Renter låneordning	9 408	9 408	0
71	Overføringer til andre	19 156	19 156	19 256

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 22,181 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 3,986 mill. kroner i samband med anskaffingar av naudsynte funksjonar i regnskapssystemet SAP for å lette omorganiseringa i Forsvaret og Forsvarsmateriell. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 3,800 mill. kroner knytte til Noregs bidrag med *Voluntary National Contributions* stillingar i høvesvis JFC Brunssum, MARCOM Northwood, AIRCOM Ramstein, og LANDCOM Izmir. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 2,403 mill. kroner knytte til utgifter til eksterne konsulentar. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 70.
- 1,916 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.
- 1,900 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4725, post 01.
- 1,360 knytte til utlysing av sivile stillingar. Løyvingsendringa gjeld utlysing av sivile stillingar som blir gjort sentralt av Forsvarets mediesenter. Utgiftsauka føreslås dekkja med løyvingsreduksjonar på fleire andre kapittel, medrekna kap. 1720, post 01 (0,306 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (0,223 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,074 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,161 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,048 mill. kroner), kap. 1740, post 01 (0,508 mill. kroner), kap. og 1760, post 01 (0,017 mill. kroner) og kap. 1795, post 01 (0,023 mill. kroner).
- 0,994 mill. kroner i samband med flytting av ei administrativ stilling frå militärmisjonen i Brussel til *Supreme Headquarters Allied Powers Europe*. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1719, post 01.
- 0,425 mill. kroner knytte til doktorgradsstipendiat ved krigsskolen i Hæren og Forsvarets etterretningshøgskole. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,248 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.

Posten er føreslått redusert med:

- 10 mill. kroner knytte til meirbehov i Luftforsvaret grunna manglande inntekter frå Avinor i samband med samarbeidsavtalene for avtale-

åra 2010–2015. Usemjå blir behandla gjennom skilsdom. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.

- 5,284 mill. kroner knytte til anskaffing av våpen med tilbehør og reservedelar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 4,816 mill. kroner knytte til eit militært område i Trøndelag kor det er alliert forehandslagra materiell. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 4,138 mill. kroner knytte til ikkje føresette utgifter som følge av hotellstreiken (0,750 mill. kroner) og økonomiske utfordringar i Forsvaret si avdeling for kultur og tradisjon som følge av redusert løyving til EBA (3,388 mill. kroner). Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1795, post 01.
- 4 mill. kroner i samband med styrking av Hæren for å oppretthalde føresett aktivitet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 3,500 mill. kroner knytte til anskaffing av norsk referanseløysing for NATOs *Future Mission Networking*. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 2,404 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane nytta til reparasjon av sprekkdanningar på F-16 og føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 2,272 mill. kroner knytte til utdanning ved *National Defence University/National War College*, Washington (0,477 mill. kroner), kurérteknester til støttelement i Norfolk og Tampa (0,200 mill. kroner) og prosjektet Det norske forsvar på Balkan (1,625 mill. kroner). Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,966 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskaffing for å behalde tryggleiksgodkjenning av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,600 mill. kroner knytte til Forsvaret sin medverking til kurssenter for førebyggjande tryggleikt føreslås omdisponerte til kap. 1723, post 01.
- 0,294 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 0,228 mill. kroner knytte til Forsvaret sin støtte til Justis- og beredskapsdepartementet med transport og utelevering av køyesenger til flyktningmottak. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.

- 0,192 mill. kroner knytte til kursavgift ved nasjonalt logistikkurs. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 0,179 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,172 mill. kroner knytte til reparasjon av sprekkdanning på F-16. Midlane føreslås omdisponerte til 1733, post 01.
- 0,147 mill. kroner knytte til effektivisering (0,135 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01 og diverse vedlikehald (0,012 mill. kroner). Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,021 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraroplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.

#### *Post 70 Renter lâneordning*

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 9,408 mill. kroner. Mindrebehovet på posten opp-

står som følge av eit lågt rentenivå og oppseiing av ordninga i sin heilhet frå 31. desember 2016.

Posten er føreslått redusert med:

- 4,500 mill. kroner er knytte til meirutgifter i samband med stabilisering av drift på prosjekt 2814 Logistikkprosjektet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 2,505 mill. kroner knytte til Forsvaret sin støtte til Justis- og beredskapsdepartementet med transport og utlevering av køyesenger til flyktningmottak. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 2,403 mill. kroner i mindrebehov føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.

#### *Post 71 Overføring til andre*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 0,100 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.

### **Kapittel 4725 Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	60 682	60 682	62 582

#### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 1,900 mill. kroner knytte til internasjonale stillingar og diverse meirinntekter.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

### **Kapittel 1731 Hæren**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 262 935	5 389 059	5 432 920

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 43,861 mill. kroner.

Posten blir føreslått auka med:

- 39,500 mill. kroner i samband med styrking av kapitlet for å gjennomføre føresett aktivitet.

Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01 (35,500 mill. kroner) og kap. 1725, post 01 (4 mill. kroner).

- 30 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4731, post 01. Midlane skal nyttast til å dekkja utgifter knytte til messer og verksta-

- der, samt utgifter i samband med oppdragsløysningar for Etterretningstenesta.
- 30 mill. kroner som følge av ein endring i ammunisjonsforvaltinga etter innføring av forvaltningssystemet FIF 3.0. I 2015 hadde Hæren eigne lager av ammunisjon, men i 2016 har FLO overtatt eigarskap til alle lagre og belastar kundane etter kva som blir forbrukt. Hæren er blitt belasta for bruk av ammunisjon henta frå eige lager, og dette blir kompensert. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1740, post 01.
  - 5,420 mill. kroner knytte til grunnlønsutgifter for personell i internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1792, post 01.
  - 2,529 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning. Forsvarets kompetansesenter for logistikk gjennomfører vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning for kundar på andre kapittel. Utgiftsauka føreslås å gje løvingsreduksjonar på fleire kapittel, medrekna kap. 1720, post 01 (0,732 mill. kroner), kap. 1725, post 01 (0,021 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,179 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,480 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,119 mill. kroner), kap. 1740, post 01 (0,132 mill. kroner) og kap. 1792, post 01 (0,866 mill. kroner).
  - 1,967 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar. Midlane føreslås omdisponerte frå fleire kapittel.
  - 0,980 mill. kroner knytte til Hæren si drift av velferdstilbod. Midlane føreslås omdisponerte frå fleire kapittel.
  - 0,898 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
  - 0,425 mill. kroner knytte til doktorgradsstipendiat ved krigsskolen i Hæren og Forsvarets etterretningshøgskole. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten blir førelått redusert med:

- 30,033 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskafing for å behalde tryggleiksgodkjenning av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret, jf. omtale under kap. 1720, post 01 samt til reparasjon av sprekkdanninger på F-16. Midlane føreslås omdisponerte til høvesvis kap. 1720, post 01 (29,650 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (0,383 mill. kroner).
- 12,013 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 8,489 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 5,277 mill. kroner knytte til grunnløn for personell som inngår i etterretningsoppdrag for internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 5,267 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodeell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.
- 3,800 mill. kroner knytte fellesøvingar i 2016. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 1,402 mill. kroner knytte til leveranse av medisinske gassar frå FLO (0,358 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, effektivisering (0,437 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, renovering av kvartermateriell (0,002 mill. kroner) og diverse vedlikehald (0,605 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 1,354 mill. kroner knytte til masterutdanning i USA. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,223 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.

## Kapittel 4731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	65 911	65 911	95 911

**Post 01 Driftsinntekter**

Løyvinga på posten er føreslått auka med 30 mill. kroner som følge av auka salsinntekter knytte til drift av messer og verkstader, samt inntekter i

samband med oppdragsløysning for Etterretningstenesta.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1732 Sjøforsvaret**

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	
			Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 890 479	3 858 308	3 852 657

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 5,651 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 21 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4732, post 01. Midlane skal nytast til å dekke utgifter i samband med at det polske forsvaret utførte testskyting med *Naval Strike Missile* tidligare i 2016. Dette gjeld mellom anna reanskaffing av ammunisjon.
- 5,680 mill. kroner som følge av overføring av oppgåver og prosessar frå Kystvakta til Sjøforsvaret. Overføringane gjeld i hovudsak personell i forvaltningsrelaterte funksjonar og sanitetspersonell. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1790, post 01.
- 1,538 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodeell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.
- 1,146 mill. kroner som følge av avgjeving av EBA frå FLO. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1740, post 01.
- 0,441 mill. kroner knytte til kursavgift ved nasjonalt logistikkurs. Midlane føreslås omdisponerte frå fleire kapittel.
- 0,218 mill. kroner knytte til avgjeving av EBA. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 10 mill. kroner knytte til finansiering av materielluttak frå prosjektet Driftsløysing nye fregattar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 10 mill. kroner knytte til interne effektiviseringsstiltak i Forsvarsmateriell. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 6,671 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale

under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte til fleire kapittel.

- 4,320 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 1,550 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 1,226 mill. kroner knytte til leveranse av medisinske gassar frå FLO (0,933 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, effektivisering (0,145 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, og diverse vedlikehald (0,148 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 1,055 mill. kroner knytte til grunnløn for personell som inngår i etterretningsoppdrag for internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,420 mill. kroner knytte til etableringsutgifter ved anskaffing av *Intelligent Collection Management Tool*, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,179 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,179 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,074 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.

## Kapittel 4732 Sjøforsvaret

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	54 305	54 305	75 305

### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 21 mill. kroner som følge av refusjonar frå det polske forsvar i samband med testskyting med *Naval Strike Missile*.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

## Kapittel 1733 Luftforsvaret

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 759 844	4 818 399	4 932 694

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 114,295 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 96,237 mill. kroner knytte til operativ testing og evaluering av helikopter av typen NH90. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1790, post 01.
- 44,705 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte frå fleire kapittel.
- 29 mill. kroner knytte til meirutgifter til vedlikehald av maritime patruljefly. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 24,950 mill. kroner knytte til reparasjon av sprekkdanningar på F-16. Midlane føreslås omdisponerte frå ei rekke kapittel i samband med frigjorte midlar etter endringar i ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren. Forsvaret har inngått ei avtale med ein ny ekstern leverandør av reinhaldstenestar. Den nye avtala gir lågare utgifter til reinhald på nesten alle driftspostar i Forsvaret. Utgiftsauka på posten føreslås dekkja frå fleire kapittel, medrekna kap. 1720, post 01 (0,026 mill. kroner), kap. 1725, post 01 (2,576 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (8,872 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (4,320 mill.

krone), kap. 1734, post 01 (2,766 mill. kroner), kap. 1740, post 01 (5,084 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (0,255 mill. kroner), kap. 1791, post 01 (0,405 mill. kroner) og kap. 1795, post 01 (0,646 mill. kroner).

- 10 mill. kroner for å sikre minimum militær, luftoperativ drift på Rygge etter at Rygge Sivile Lufthamn AS avviklast.
- 10 mill. kroner knytte til manglande inntekter frå Avinor i samband med samarbeidsavtalane for avtaleåra 2010–2015, kor usemjø blir handsga gjennom skilsdom. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 01.
- 6 mill. kroner knytte til støtte med NASAMS rakettsystem ved gjennomføring av NATO-toppmøtet i Warszawa 8.–9. juli 2016. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 3,101 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.
- 1,287 mill. kroner knytte til grunnlønsutgifter for personell i internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1792, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 35,500 mill. kroner i samband med styrking av Hæren for gjennomføring av føreset aktivitet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.

- 20,960 mill. kroner knytte til redusert kapital-element i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 20 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsreduksjon på kap. 4733, post 01. Dei reduserte inntektene frå Avinor på Bodø flystasjon inneber tilsvarende lågare utgifter. Dette gjeld generell drift av flystasjonen.
- 10,650 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskaffing for å behalde tryggleiksgodkjenning av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 8,978 mill. kroner for dekning av utgifter til forsyning og leige av EBA som nyttast til trening og øving. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01 (5,149 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,159 mill. kroner) og kap. 1740, post 01 (3,670 mill. kroner).
- 4,417 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 3,800 mill. kroner knytte til Noregs bidrag med *Voluntary National Contributions* stillingar i høvesvis JFC Brunssum, MARCOM Northwood, AIRCOM Ramstein, og LANDCOM Izmir. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 2,336 mill. kroner knytte til leveranse av medisinske gassar frå FLO (0,147 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, intern effektivisering (2,121 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, renovering av kvartermate-
- riell (0,013 mill. kroner) og diverse vedlikehald (0,055 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 1,430 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 1,093 mill. kroner knytte til etableringsutgifter ved anskaffing av *Intelligent Collection Management Tool*, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,499 mill. kroner knytte til Hæren si drift av velferdstilbod. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,480 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,381 mill. kroner knytte til initialanskaffing av diverse instrument og utstyr. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,285 mill. kroner knytte til grunnløn for personell som inngår i etterretningsoppdrag for internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,161 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,015 mill. kroner knytte til kursavgift ved nasjonalt logistikkurs. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.

## Kapittel 4733 Luftforsvaret

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Salder budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	183 233	183 233	163 233

### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 20,000 mill. kroner i samband med reduserte inntekter frå Avinor på Bodø flystasjon.

Mindreinntektene fører med seg ein parallel reduksjon av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

## Kapittel 1734 Heimevernet

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 213 630	1 239 317	1 243 466

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 4,149 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 4,500 mill. kroner knytte til vertslandsstøtte for nærvær av ein amerikansk rotasjonsstyrke på Værnes frå 2017. Dei amerikanske styrkene vil i all hovudsak sjølvé bere dei laupande utgifte, men Forsvaret får utgifter til å klargjere bygg og lagringsområde. Midlane føreslås omdisponerte frå 1719, post 01.
- 3,750 mill. kroner knytte til styrkevern under øving Cold Response 2016. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 2,403 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.
- 1,528 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling av kapitalelement i husleiga frå Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 0,663 mill. kroner knytte til alliert treningsenter sitt uttak av tenester ved Garnisonen i Porsanger. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,163 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 0,159 mill. kroner for dekning av utgifter til forsyning og leie av EBA som nyttast til øving og trening. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 4,267 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskaffing for å behalde tryggleiksgodkjennung av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.

- 2,766 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane nyttast til reparasjon av sprekkdanning på F-16 og føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 0,933 mill. kroner knytte til leveranse av medisinske gassar frå FLO (0,216 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, intern effektivisering (0,091 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01, renovering av kvartermateriell (0,024 mill. kroner) og diverse vedlikehald (0,602 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,494 mill. kroner knytte til grunnløn for personell som inngår i etterretningsoppdrag for internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,252 mill. kroner knytte til etableringsutgift ved anskaffing av *Intelligent Collection Management Tool*, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,119 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,071 mill. kroner knytte til Hæren si drift av velferdstilbod. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,048 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,045 mill. kroner knytte til kursavgift ved nasjonalt logistikkurs. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 0,022 mill. kroner knytte til masterutdanning i USA. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.

**Kapittel 1735 Etterretningstenesta**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	1 549 955	1 563 455	1 558 348

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 5,107 mill. kroner.

Posten er føreslått redusert med:

- 2,458 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 1,098 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.

- 1,051 mill. kroner knytte til etableringsutgift ved anskaffing av *Intelligent Collection Management Tool*, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdiagonerte til kap. 1720, post 01.
- 0,500 mill. kroner knytte til gjennomføring av likestillingsskonferansen i 2016. Midlane er omdiagonerte til kap. 1795, post 01.

**Kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 295 007	1 553 235	1 666 524

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 113,289 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 44,709 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4740, post 01. Midlane gjeld refusjon av meirutgifter i samband med alliert trening og øving i Noreg og refusjon for meirutgifter relatert til sal av verkstadtenester.
- 22,285 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdiagonerte fra kap. 4710, post 47.
- 20,400 mill. kroner knytte til avhendingaktivitet i FLO. Midlane føreslås omdiagonerte fra kap. 4760, post 01. Midlane er føreslått nytt til å finansiere meirutgifter knytte til avhending av utstyr, inkludert istandsetting og oppgradering.
- 11,412 mill. kroner knytte til forvaltning av ammunisjon. Midlar som feilaktig blei omdiagonerte til Forsvarsmateriell i Revidert nasjonalbudsjett for 2016 blir ført attende. Midlane føreslås omdiagonerte fra kap. 1760, post 01.

- 10 mill. kroner knytte til finansiering av materielluttak frå prosjektet Driftsløysning nye fregattar. Midlane føreslås omdiagonerte frå kap. 1732, post 01.
- 9,893 mill. kroner knytte til initialanskaffingar av diverse instrument og utstyr. Midlane føreslås omdiagonerte frå kap. 1720, post 01 (9,512 mill. kroner) og 1733, post 01 (0,381 mill. kroner).
- 9 mill. kroner knytte til flypassasjeravgift på reiser som personell i Forsvaret har rett på. Disse reisene blir finansiert av FLO, og midlane føreslås omdiagonerte frå kap. 1719, post 01.
- 7,136 mill. kroner knytte til manglande finansiering ved reanskaffing av materiell som følge av den valde prismodellen ved innføring av forvaltningssystemet FIF 3.0. Midlane føreslås omdiagonerte frå kap. 1720, post 01.
- 4,816 mill. kroner knytte til eit militært område i Trøndelag kor det er alliert førehandslagra materiell. Midlane føreslås omdiagonerte frå kap. 1740, post 01.
- 3,670 mill. kroner for dekning av utgifter til forsyning og leige av EBA som nyttast til trening

- og øving. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 3,443 mill. kroner knytte til intern effektivisering. Effektiviseringa kjem i samband med at FLO har effektivisert prosessen med anskaffing og rammeavtaler slik at andre avdelingar får ein lågare utgift. Innsparinga er flytta til FLO frå dei kapitla som nyt godt av effektiviseringa. Utgiftsauka på posten føreslås å gje løvingsreduksjonar på fleire kapittel, medrekna kap. 1720, post 01 (0,506 mill. kroner), kap. 1725, post 01 (0,135 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (0,437 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,145 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (2,121 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,091 mill. kroner) og kap. 1760, post 01 (0,008 mill. kroner).
  - 2,973 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodeLL, jf. omtale under kap. 1710, post 47.
  - 2,753 mill. kroner knytte til diverse auka vedlikehald fordelt på ei rekkje kapittel. Auka gjeld inntekter i samband med tilleggskostnader for vedlikehald. Utgiftsauka føreslås å gje løvingsreduksjonar på fleire kapittel, medrekna kap. 1720, post 01 (0,168 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (0,605 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,148 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,055 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,602 mill. kroner), kap. 1760, post 45 (0,833 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (0,011 mill. kroner), kap. 1792, post 01 (0,329 mill. kroner) og kap. 1795, post 01 (0,002 mill. kroner).
  - 2,733 mill. kroner knytte til Forsvaret sin støtte til Justis- og beredskapsdepartementet med transport og utlevering av køyesenger til flyktningmottak. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1733, post 01 (2,505 mill. kroner) og kap. 1725, post 01 (0,228 mill. kroner).
  - 2 mill. kroner i samband med oppgradering av alarmanlegg ved lagre på Skoddeberg i Troms. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1790, post 01.
  - 1,801 mill. kroner knytte til leveranse av medisinske gassar. Utgifa kjem som følge av erstatning for gassbehaldarar til AGA AS. Auka på posten føreslås å gje løvingsreduksjonar på fleire kapittel, medrekna kap. 1720, post 01 (0,147 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (0,358 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,933 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,147 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (0,216 mill. kroner).
  - 1 mill. kroner knytte til auka behov for innbetailing av kapitalelement i husleiga frå Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.

- 0,132 mill. kroner knytte til renovering av kvartermateriell. Midlane føreslås omdisponerte frå ei rekkje kapittel.

Posten er føreslått redusert med:

- 30 mill. kroner som følge av ei endring i ammunisjonsforvaltninga etter innføring av FIF 3.0. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 5,084 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsværssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane nyttast til reparasjon av sprekkdanning på F-16 og føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 4,833 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskaffing for å behalde tryggleiksgodkjenning av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 4 mill. kroner grunna tilstandskontroll av ammunisjon. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 1,146 mill. kroner som følge overføring av EBA til Sjøforsvaret. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 0,800 mill. kroner knytte til utvikling av ein portal for å vareta behovet for eit saksbehandlarverkty for koordinert søk, etablering, endring, sletting og godkjenning av masterdata i ulike produksjonssystem i Forsvaret sine logistikkprosessar. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 0,508 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,174 mill. kroner knytte til kursavgift ved nasjonalt logistikkurs. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 0,132 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,106 mill. kroner knytte til Hæren si drift av velferdstilbod. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,084 mill. kroner knytte til etableringsutgift ved anskaffing av *Intelligent Collection Management Tool*, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.

**Kapittel 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	76 263	136 375	181 084

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 44,709 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 39,709 mill. kroner i samband med alliert trening og øving i Noreg.

- 5 mill. kroner knytte til auka utgifter og inntekter relatert til sal av verkstadtenester.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 408 348	1 568 094	1 589 372
45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald	5 081 182	4 943 105	4 926 931

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 21,278 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 34,800 mill. kroner knytte til interne effektiviseringstiltak i Forsvarsmateriell. Midlane blei i samband med budsjettprosessen for 2016 heldt tilbake av forsvarsgreinene for at Forsvarsmateriell skulle dokumentera at innsparingane var reelle. Midlane føreslås omdi disponerte frå kap. 1760, post 45 (21 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (10 mill. kroner) og kap. 1720, post 01 (3,800 mill. kroner).
- 8,200 mill. kroner knytte til Forsvarsmateriell sine utgifter til Nasjonalt tryggingsorgan sitt arbeid med tryggleiksgodkjennung av informasjonssystem. Dette gjeld utgifter til mellom anna løn, overtid og reiser for personell. Midlane føreslås omdi disponerte frå kap. 1760, post 45.
- 4,500 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4760, post 01. Midlane føreslås nyttia til kjøp av reservedelar.
- 4 mill. kroner grunna tilstandskontroll av ammunisjon. Midlane føreslås omdi disponerte frå kap. 1740, post 01.

- 0,800 mill. kroner knytte til utvikling av ein portal for å vareta behovet for eit saksbehandlarverktøy for koordinert søk, etablering, endring, sletting og godkjenning av masterdata i ulike produksjonssystem i Forsvarets logistikkprosessar. Midlane føreslås omdi disponerte frå kap. 1740, post 01.
- 0,638 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.

Posten er føreslått redusert med:

- 16,600 mill. kroner i samband med ei omdi disponering av midlar til inventar. Midlane føreslås omdi disponerte til kap. 1710, post 45.
- 11,412 mill. kroner knytte til forvaltning av ammunisjon. Midlane føreslås omdi disponerte til kap. 1740, post 01.
- 2,623 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga frå Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 1 mill. kroner knytte til kritisk IKT-anskaffing for å behalde tryggleiksgodkjennung av FISBasis Begrensa og FISBasis Hemmeleg/NATO Secret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane føreslås omdi disponerte til kap. 1720, post 01.

- 0,017 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stillingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,008 mill. kroner knytte til intern effektivisering, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.

#### *Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald*

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 16,174 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 11,859 mill. kroner knytte til mindrebehov på nokre postar. Midlane er føreslått nytt til innkjøp av reservedelar. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1700, post 73 (1,069 mill. kroner), kap. 1710, post 47 (4,780 mill. kroner), kap. 1719, post 01 (4,290 mill. kroner) og kap. 1719, post 71 (1,720 mill. kroner).

- 5 mill. kroner knytte til anskaffing og installasjon av nytt IT-utstyr i Situasjonssenteret i Forsvarsstabben. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.

Posten er føreslått redusert med:

- 21 mill. kroner knytte til interne effektiviseringstiltak i Forsvarsmateriell. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 8,200 mill. kroner knytte til Forsvarsmateriell sine utgifter til Nasjonalt tryggingsorgan sitt arbeid med tryggeliksgodkjenning av informasjonssystem. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 3 mill. kroner knytte til reparasjon av skrogskadar på eit militært transportfly som deltar i FN-operasjonen MINUSMA. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,833 mill. kroner knytte til diverse vedlikehald, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.

### **Kapittel 4760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	29 085	27 600	52 500

#### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 24,900 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 20,400 mill. kroner knytte til royalties og innbetalinger frå containerselskapet Uniteam AS. Midlane er føreslått nytt til avhendingsaktivitet i FLO. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.

- 4,500 mill. kroner knytte til utleige av basesett til Sverige (1 mill. kroner) og diverse oppdrag for Forsvarsbygg (3,500 mill. kroner).

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

### **Kapittel 1761 Nye kampfly med baseløysing**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	162 482	163 753	163 023
45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald	6 948 915	6 948 915	7 044 915

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 0,730 mill. kroner knytte til ingeniørstøtte til F-35 prosjektet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1720, post 01.

**Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald**

Løyvinga på posten er føreslått auka med 96 mill. kroner knytte til tilsvarende inntektsauke på kap. 4760, post 45. Midlane er føreslått nytta til anskaffing av F-35. Inndekninga bidrar til å dekkja meir-utgifter som følge av svingingar i valutakursen.

**Kapittel 4761 Ny kampfly med baseløysing**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald		0	96 000

**Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald**

Posten blir føreslått oppretta med 96 mill. kroner. Inntektene er knytte til attendebetaling av utviklingsutgifter frå ein ny partnernasjon. Nederland vil ta del i eit pågående utviklingsprosjekt av

bremsefallskjerm til F-35, og skal betale sin del av utviklingsutgiftene.

Meirinntektene fører med seg ei parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1790 Kystvakta**

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 043 933	1 087 792	948 020

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 139,772 mill. kroner.

Posten er føreslått redusert med:

- 96,237 mill. kroner knytte til operativ testing og evaluering av helikopter av typen NH90. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 32,589 mill. kroner knytte til meirbehov i Forsvaret etter endringar i valutakursane, jf. omtale under kap. 4710, post 47. Midlane føreslås omdisponerte til fleire kapittel.
- 5,680 mill. kroner som følge av overføring av oppgåver og prosessar frå Kystvakta til Sjøforsvaret. Overføringane gjeld i hovudsak personell i forvaltningsrelaterte funksjonar og sani-

tetspersonell. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1732, post 01.

- 5 mill. kroner knytte til anskaffing av strategisk transportsystem (3 mill. kroner) og oppgradering av alarmanlegg ved lager på Skoddeberg i Troms (2 mill. kroner). Midlane føreslås omdisponerte til høvesvis kap. 1720, post 01, og kap. 1740, post 01.
- 0,255 mill. kroner knytte til endringar for å ta ansvar for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane nytta til reparasjon av sprekkdanning på F-16 og føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 0,011 mill. kroner knytte til diverse vedlikehald, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.

## Kapittel 1791 Redningshelikoptertenesta

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	865 496	933 059	946 088

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 13,029 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 13,434 mill. kroner knytte til tilsvarande inntektsauke på kap. 4791, post 01. Det er sett i verk ein tiltaksplan for eksisterande redningshelikopterflåte, som skal medverke til å oppretthalde drift og beredskap fram til dei nye redningshelikoptra er fasa inn. Fleire kontrak-

tar er inngått i utanlandsk valuta, og midlane skal finansiere meirutgiftene som følge av svингane i valutakursane.

Posten føreslått redusert med:

- 0,405 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvar for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane nyttast til reparasjon av sprekkdanning på F-16, og føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.

## Kapittel 4791 Redningshelikoptertenesta

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	802 216	869 944	886 796

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er auka med 16,852 mill. kroner for:

- 13,434 mill. kroner som følge av forventa inntekter frå Justis- og beredskapsdepartementet. Inntektene inneber ein parallel auke av utgiftsramma på kap. 1791, post 01.

- 3,418 mill. kroner knytte til verkinga av lønoppgjeren i 2016. Utgiftssida vil bli auka med lønskompensasjon på bakgrunn av eige skriv frå Finansdepartementet. Inntektene inneber ingen endring av utgiftsramma på kap. 1791, post 01.

## Kapittel 1792 Norske styrker i utlandet

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	703 768	783 316	816 670

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 33,354 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 25 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauka på kap. 4792. Posten er føreslått auka som

følge av Noreg si rolle som *Lead Nation* i Mali, inkludert auka utgifter til forpleiing, forlegning og drift.

- 7,111 mill. kroner knytte til grunnløn for personell som inngår i etterretningsoppdrag for internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (5,277 mill.

kroner), kap. 1732, post 01 (1,055 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,285 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (0,494 mill. kroner).

- 3,645 mill. kroner knytte til endringar i valutakursen. Dette gjeld årets siste delbetaling til *ANA Trust Fund*, ein av Noreg sine forpliktingar til NATO, som inneber eit meirbehov. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 4710, post 47.
- 3 mill. kroner knytte til reparasjon av skrogskadar på eit militært transportfly som deltar i MINUSMA. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 2,500 mill. kroner knytte til forlenging av operasjon Triton.

Posten er føreslått redusert med:

- 6,707 mill. kroner er knytte til grunnlønsutgifter for personell i internasjonale operasjoner. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01 (5,420 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (1,287 mill. kroner).
- 0,866 mill. kroner knytte til gjennomføring av vognføraropplæring og materiellspesifikk utdanning, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,329 mill. kroner knytte til diverse vedlikehald, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01

## Kapittel 4792 Norske styrker i utlandet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	10 296	14 296	39 296

### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 25 mill. kroner som følge av Noreg si rolle som *Lead Nation* i Mali og derav følgande refusjonar frå andre nasjonar gjennom inngått *Memorandum of*

*Understanding* knytte til forpleiing, forlegning og drift.

Meirinntektene fører med seg ein parallel auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

## Kapittel 1795 Kulturelle og allmennyttige føremål

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	264 839	265 035	275 677

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 10,642 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 5,316 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4791, post 01. Midlane er føreslåt nytta til å dekke utgifter i samband med Norsk Militær Tattoo, og til Forsvarets musikk sine konserter.
- 4,138 mill. kroner knytte til ikkje føresette utgifter som følge av hotellstreiken (0,750 mill. kroner) og økonomiske utfordringar i Forsvaret si avdeling for kultur og tradisjon som følge av redusert løyving til EBA (3,388 mill. kro-

ner). Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1725, post 01.

- 2,092 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling av kapitalelement i husleiga frå Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01, jf. omtale under kap. 4710, post 01.
- 0,500 mill. kroner knytte gjennomføring av likestillingskonferansen i 2016. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1735, post 21.

Posten er føreslått redusert med:

- 0,720 mill. kroner etter justering av husleiga etter ny husleigemodell, jf. omtale under kap. 1710, post 47.

- 0,646 mill. kroner knytte til endringar for å ta vare på ansvaret for reinhald i Forsvarssektoren, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane nytast til reparasjon av sprekkdanning på F-16 og føreslås omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 0,023 mill. kroner knytte til utlysing av sivile stiltingar, jf. omtale under kap. 1725, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,015 mill. kroner knytte til renovering av kvartermateriell (0,013 mill. kroner) og diverse vedlikehald (0,002 mill. kroner), jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1740, post 01.

## Kapittel 4795 Kulturelle og allmennnyttige føremål

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2016	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	9 684	9 684	15 000

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er føreslått auka med 5,316 mill. kroner som følge av inntekter ved auka sal av biletta ved arrangement av konsert knytte til Forsvarets musikk, samt inntekter ved guida omvisingar på Forsvarets museum og Akershus slott.

Meirinntektene fører med seg ei parallelle auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

## 3 Bestillingsfullmakter

Det er føreslått auke i bestillingsfullmakter i 2016:

Bestillingsfullmakt under kap. 1740, post 01 Driftsutgifter, er føreslått auka med 615 mill. kroner, frå 595 mill. kroner til 1 210 mill. kroner. Auka kjem som følge av meir vedlikehald samt anskaffing av komponentar og reservedelar. I tillegg kjem ei prisauke på varer og tenester som blir kjøpte inn av FLO.

## 4 Investeringssfullmakter

Forsvarsdepartementet føreslår følgjande investeringssfullmakt:

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan starta opp eit nytt investeringssprosjekt som er presentert som nytt prosjekt til godkjenning i dette dokumentet, innafor den kostnadsramma som der er omtalt.

Forsvarsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2016 under Forsvarsdepartementet.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2016 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit framlagt forslag.

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2016 under  
Forsvarsdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 409 325 000 til kr. 417 315 000	7 990 000
	73	Forsking og utvikling, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 33 108 000 til kr. 32 039 000	1 069 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir auka med ..... frå kr. 300 592 000 til kr. 317 192 000	16 600 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 47</i> , blir redusert med ..... frå kr. 1 568 663 000 til kr. 1 565 309 000	3 354 000
1716		Forsvarets forskingsinstitutt	
	51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt, blir auka med ..... frå kr. 187 567 000 til kr. 187 631 000	64 000
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr. 341 256 000 til kr. 324 858 000	16 398 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr. 118 541 000 til kr. 130 541 000	12 000 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 13 429 000 til kr. 2 999 000	10 430 000
	71	Overføringer til andre, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 58 779 000 til kr. 54 783 000	3 996 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	78	Noreg sitt tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	17 214 000
		frå kr. 282 540 000 til kr. 299 754 000	
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	66 893 000
		frå kr. 3 766 041 000 til kr. 3 832 934 000	
1723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	16 401 000
		frå kr. 227 767 000 til kr. 244 168 000	
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	22 181 000
		frå kr. 2 070 503 000 til kr. 2 048 322 000	
	70	Renter låneordning, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	9 408 000
		frå kr. 9 408 000 til kr. 0	
	71	Overføringer til andre, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	100 000
		frå kr. 19 156 000 til kr. 19 256 000	
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	43 861 000
		frå kr. 5 389 059 000 til kr. 5 432 920 000	
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	5 651 000
		frå kr. 3 858 308 000 til kr. 3 852 657 000	
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	114 295 000
		frå kr. 4 818 399 000 til kr. 4 932 694 000	
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	4 149 000
		frå kr. 1 239 317 000 til kr. 1 243 466 000	
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med .....	5 107 000
		frå kr. 1 563 455 000 til kr. 1 558 348 000	
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	113 289 000
		frå kr. 1 553 235 000 til kr. 1 666 524 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir auka med ..... frå kr. 1 568 094 000 til kr. 1 589 372 000	21 278 000
	45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , blir redusert med ..... frå kr. 4 943 105 000 til kr. 4 926 931 000	16 174 000
1761		Nye kampfly med baseløysing	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , blir redusert med ..... frå kr. 163 753 000 til kr. 163 023 000	730 000
	45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr. 6 948 915 000 til kr. 7 044 915 000	96 000 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr. 1 087 792 000 til kr. 948 020 000	139 772 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 933 059 000 til kr. 946 088 000	13 029 000
1792		Norske styrker i utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 783 316 000 til kr. 816 670 000	33 354 000
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 265 035 000 til kr. 275 677 000	10 642 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med ..... frå kr. 4 287 229 000 til kr. 4 272 718 000	14 511 000
	47	Sal av eidegod, blir auka med ..... frå kr. 300 000 000 til kr. 396 000 000	96 000 000
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsinntekter, blir auka med ..... frå kr. 113 227 000 til kr. 121 924 000	8 697 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	15 800 000
		frå kr. 9 182 000 til kr. 24 982 000	
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	1 900 000
		frå kr. 60 682 000 til kr. 62 582 000	
4731		Hæren	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	30 000 000
		frå kr. 65 911 000 til kr. 95 911 000	
4732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	21 000 000
		frå kr. 54 305 000 til kr. 75 305 000	
4733		Luftforsvaret	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med .....	20 000 000
		frå kr. 183 233 000 til kr. 163 233 000	
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	44 709 000
		frå kr. 136 375 000 til kr. 181 084 000	
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	24 900 000
		frå kr. 27 600 000 til kr. 52 500 000	
4761		Nye kampfly med baseløysing	
(NY)	45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, blir løyvd med .....	96 000 000
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	16 852 000
		frå kr. 869 944 000 til kr. 886 796 000	
4792		Norske styrker i utlandet	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	25 000 000
		frå kr. 14 296 000 til kr. 39 296 000	
4795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsinntekter, blir auka med .....	5 316 000
		frå kr. 9 684 000 til kr. 15 000 000	

## II

*Bestillingsfullmakter*

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan gjere tingingar ut over dei gjevne løyvin-gane. Den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
01		Driftsutgifter .....	1 210 000 000

## VII

*Investeringsfullmakter*

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan:

- sette i gong eit nytt investeringsprosjekt som er presentert som nytt prosjekt til godkjenning i Prop. 27 S (2016–2017), innafor den kostnadsramma som der er omtalt.





07 Xpress AS